

# BOKN BYGDABLAD

NR. 6 - JULI 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## NÅR FREDA VILT BLIR FRITT VILT

Norge har samanlikna med mange andre land i Europa framleis ein rik natur med livskraftige bestandar av mange fugleartar, ofte dei same som er sterkt trua eller utrydda i mange andre land. Men desse artene er også under press her. Arealene dei nyttar er ofte under sterkt press, og enkelte ser også rovfugl som skadedyr og næringskonkurrentar som dei helst ser utrydda. Vi har dei seinare åra også oppdaga eit anna utbreddt problem :

Faunakriminalitet, eller krypskyting, plyndring av reir for egg og ungar, og ulovleg preparantverksemrd er faktisk rekna for å vera den tredje største kriminalitetsforma på verdsbasis. Det vert årleg omsett for minst 30 milliarder kroner innan denne gesjeften.

Landet vårt har ry på seg for å vera ein fristad for faunakriminalitet. Straffene har vore låge, krava til bevisførsel er stor og risikoen for å bli avslørt liten.

Skal vi akseptere at normenn eller utlendingar forsyner seg av norske rovfuglar med egg og ungar og sel dei på den internasjonale marknaden for store pengesummar ? Store økonomiske interesser og samle interesser ligg bak denne verksemda.



Strafferammene for fauna-kriminalitet er nyleg blitt skjerpa. Riksadvokaten har også i eit rundskriv til alle landet sine politikamre bedt om at kampen mot fauna-kriminalitet vert opp-prioritert. Den tredje om-fattande faunakriminalites-saka i Rogaland - på tre år er nå i ferd med å bli opprulla.

Bokn kan også vera ein muleg intressant stoppestad for personar med uærlege hensikter på dette feltet.

DU blir derfor oppfordra til å vera på vakt når du ferdast ute i naturen. Personar med våpen utanfor gjeldane jakttid kan vera ute i ulovleg ærend. Ser du folk som klatrar i bergvegger der rovfuglar hekkar eller finn du fangsfeller som er plassert langt vekk frå der folk vanlegvis ferdast, bør dette gi grunnlag for misstanke.

## NÅR FREDA VILT BLIR FRITT VILT..

Og overfor folk som er særleg nysjerrige etter å få opplysningar om rovfuglar i distriktet skal ein vere på vakt. Ikkje fortell om evt. sjeldenheter du måtte vite om!

Skulle du vera vitne til eit åpenbart lovbrudd, er det einaste rette å kontakte lensmannen.

Er du usikker på kor vidt det du ser er lovleg eller ikkje kan du også ringe FUGLEVAKTA:  
**090 - 29 500** (Norsk Ornitologisk Forening sin døgnåpne mobiltelefon).

Viltnemda.



## SØNDALAND – SUNNALANDSSTRAUMEN

I ei sak kor kommunestyret skal gi uttale om skrivemåten på ein del stadnamn, tilrår Bokn formannskap m.a. at den staden som på lokalt talemål vert uttala Sunnaland bør skrivast Søndaland, og at det som lokalt vert uttala Jøsen bør skrivast Jøsang.

Saka har vore utlagd til høyring, og det er kome inn merknader frå folk i dei aktuelle områda som ikkje ynskjer at stadnamna skal skrivast slik dei vert uttala lokalt. Desse merknadene er det nok lagde vekt på. I fylgje den nye lova om stadnamn skal det også leggjast vekt på lokal seiemåte, pluss kva namna skriv seg frå. Dette har formannskapet kanskje lagt

vekt på når dei tilrår at det bør heita og skrivast Sunnalandstraumen i tråd med lokal uttale og Jøsenvågen og Jøsenvatnet. Det kan verka som det er brist i logikken her, sidan stadnamna har same utgangspunkt som dei som tidlegare er nemnt her. Men -formannskapet ynskjer altså at når Jøsang er samansett med -våg eller -vatn skal forstavinga vera Jøsen. Det same gjeld for Søndaland som saman med -straumen vert til Sunnalandstraumen. Formannskapet tilrår også Loden som skrivemåte i samsvar med lokal uttale.

Saka er komen opp i samband med at det skal lagast nye sjøkart, og kommunen er beden om å uttala seg.

## MINNEORD

Ellen Gundersen er død, 91 år gammal.

Ellen kom til Bokn i 1920-åra. Ho var frå Lykling i Sunnhordland.

I Bokn vart ho gift med Marton Gundersen som var enkemann. Det var tre barn i hans første ekteskap, og Marton og Ellen hadde også tre barn. Ellen var ei god mor for dei alle 6.

Ei tid før krigen budde familien i Stavanger, men kom heim og busette seg i Marton sin barndomsheim i 1940-åra, og budde sidan der. Ellen arbeidde ein del år på hermetikkfabrikken i Føresvik. Ho var elles aktivt med i Misjonsforeninga i Kyrkjebygda, og støtta godt opp i dette arbeidet.

Ellen var gild å koma til, og var elles svært omgjengeleg. Ho nådde ein høg alder.

Ho etterlet seg barn, barnebarn og oldebarn.

Dagny Bokneberg er død, 85 år gammal.

Ho var oppvaksen som nr. 3 av 5 systre på Nerabø på Austre Bokn. Ho og ektemannen Hagbart overtok garden etter hennar foreldre. Tidlegare hadde ho arbeidd nokre år på Austre Bokn Handelslag. Ho var den fyrste krambjuenta der.

Seinare var Dagny husmor og gardskone på Nerabø. Ho var svært dyktig i arbeidet.

Det var fire barn i ekteskapet.

Dagny var med i Sjømannsmisjonsforeninga på Austre Bokn.

Dagny var godt likt i bygda.

Ektemann, barn, barnebarn og oldebarn lever etter henne.

## KULTURMIDLAR

Bokn kulturstyre fordelte kr. 83.000 til lag og foreningar i siste møte:

Petra	kr. 4.000
Bokn Diskotek	" 4.000
Bokn Swingklubb	" 2.000
Bokn Idrettslag	" 18.000
Bokn Brass	" 11.000
Bokn KFUM/KFUK	" 9.000
Tysvær og omegn hjarte/lunge	" 500

Hognaland sønd.s."	800
Bokn ungdomskl.	" 1.500
Hognal. barnef.	" 1.000
Bokn skulekorps	" 23.000
Bokn vevstove	" 500
Bokn hagelag	" 500
Kyrkjeb.sønd.s.	" 1.200
Bokn pensj.f.	" 2.000
Kyrkjetonar	" 500
Bokn Bedehus	" 500
Bokn Bridgeklubb	" 500
Bokn Røde K. H.j.k"	2.500

## GJENBRUK PÅ HOGNALAND !



Hugs at du kan leve re brukte møbler, klær, bøker o.l til kommunen sitt lagerrom ved Bokn bygg. Rommet blir tømt med jevne mellomrom av Fretex (frelesesarmeens bruktbutikk).



### Åpningstid:


tirsdag 18.30 - 20.00

laurdag 09.00 - 12.00

### første onsdag i mnd.:

13.00 - 15.00

Papir og glass leverer du sjølvsgåt til containerane på kaien i Føresvik ?!



## Fjordhestsamling på Ognøy

Njård Fjordhestlag hadde i pinsehelga heste-week-end på Ognøy. Her var ca. 100 hesteinteresserte og 20 hestar frå heile Haugalandet som var samla frå laurdag til søndag ettermiddag. Aktivitetane var mange, og store og små kosa seg i nydelege omgivelser som var som skapte for ein slik leir.

Laurdag fekk ein vera med på demonstrasjon av både hesteskoing og påsåling, ridetur for alle alt etter ferdighetsnivå. Her var ponniar for dei aller minste, og dei som ville fekk ta ridesertifikat.

Om kvelden var det grilling og sosialt samvær.

På søndag var det natursti og ulike aktivitetar for små og store. Samlinga vart avslutta med eit 6 km. langt distanseritt som vart vunne av ein svært så fyrrig Silvana (lettdøl) med ein ikkje mindre fyrrig Norleif Fjeldheim på ryggen.

Njård fjordhestlag kan etter dette sjå tilbake på eit arrangement som vart svært vellukka og samstundes klarte dei å samla ulike aldersgrupper til eit arrangement der hesten sto i sentrum.

- Njård Fjordhestlag -

## SOSIALT NETTVERK VIKTIG FOR HELSA

Den store miljøundersøkinga som vart foretatt i Bokn hausten 1992 er nå ferdig databehandla og vurdert i Senter for Sosialt Nettverk og Helse i Oslo, og kommunen har fått tilbake ein rapport om hovedlinene i undersøkinga.

Dessverre var det berre 30% av dei utsende skjemaene som vart innsende til Senteret, og dette gjer at undersøkinga ikkje kan brukast med så stor sikkerhet som om det hadde vore større svarprosent.

Likevel viser undersøkinga tendenser, og vil kunna vera eit godt utgangspunkt for vidare diskusjon og planlegging når det gjeld å finna miljøforhold som kan verka helseskadelege. Ein vil drøfta resultatet av undersøkinga i helse- og sosialstyret, med tanke på vidare arbeid på feltet. På bakgrunn av undersøkinga kan det også vera muleg vera muleg å få statlege midlar til nye tiltak for å betra miljøet.

Tilsvarande undersøking

føregjekk på same tid i Storhaug bydel i Stavanger og i Sandnes. Resultatet av undersøkinga i dei tre kommunane var nokså like på ein del felt, men skilde seg også ut på andre felt. Særleg viste det seg at folk i Bokn oppga langt betre nettverk i nærmiljøet. Dette var nok heller ikkje så uventa. Når det gjaldt problem som folk oppga som viktige for si eiga helse, oppga dei røyking og mangel på mosjon som dei viktigaste.

Det vart også spurt om kva tiltak som måtte til for å betra helse og trivsel. I Bokn oppga dei fleste nye arbeidsplassar og grendahus/allhus som dei to viktigaste tiltaka.

Samla sett går det fram at folk er meir opptatt av trivsel i nærmiljø, nye arbeidsplassar o.l. basale behov som viktigare enn nye tiltak i helsesektoren som viktige når det gjeld deira eiga helse og trivsel.

## SPØRJEUNDERSØKING FOR UNGDOM I BOKN

Det har den seinare tid gått ut ei spørjeundersøking til ungdommar i Bokn mellom 12 og 20 år. Dette er ei undersøking som i utgangspunktet skal vera ein reiskap for fritidsleiari, og som skal kunna nyttast av politikarar i samband med styring av ressursar til ungdom.

Undersøkinga har 5 spørsmål som i hovudsak går på trivsel - det ein likar/ikkje likar

med kommunen, og kva ein ville forandra dersom den som er spurde styrde kommunen.

Eg vil understreka at denne undersøkinga er viktig for arbeidet framover, og eg oppfordrar alle som har mottatt spørjeskjemaet om å returnera det i utfylt stand.

Resultatet av undersøkinga vil føreligga medio september.

Helsing frå Fritidsleiaren.

## FOTBALL

### Spilleplan Lillegutter

Man.23.aug:	SKÅNEVIK - BOKN kl.18.15	Skånevik
Ons.25.aug:	VINDAFJ.1 - BOKN kl.18.15	Vats
Ons.01.sep:	FØRLAND - BOKN kl.18.15	Førland
Ons.08.sep:	FALKEID - BOKN kl.18.15	Tysværvgå
Ons.15.sep:	BOKN - SKJOLDAR kl.18.15	Føresvik st.
Tor.23.sep:	VINDAFJ.2 - BOKN kl.17.30	Sandeid
Ons.29.sep:	BOKN - VINDAFJ.3 kl.17.30	Føresvik st.
Ons.06.sep:	SAUDA - BOKN kl.18.15	Sauda grus

NB! Alle tidspunktene kan forandres etter avtale mellom lagene.

### Spilleplan Smågutter

Man.23.aug:	BRODD - BOKN kl.18.30
Man.30.aug:	BOKN - HUNDVÅG kl.18.30
Tir.07.sep:	JARL 2 - BOKN kl.18.30
Tir.21.sep:	VIKING - BOKN kl.19.00
Søn.26.sep:	SJERNARØY - BOKN kl.15.00
Man.04.okt:	BOKN - BUØY 2 kl.17.30

NB! Alle tidspunktene kan forandres etter avtale mellom lagene.

### TABELLER SMÅGUTTER 13/14 ÅR

Buøy2	6	501	31-23	15
Hundvåg	6	411	32-22	13
Brodd	6	402	40-21	12
Bokn	6	321	26-17	11
Viking	6	114	23-34	4
Sjernarøy	6	114	19-37	4
Jarl2	6	015	9-26	1

### Lillegutt 11/12 ÅR

Sauda	8	701	82-12	21
Falkeid	7	601	43- 9	18
Vindafj.3	5	500	32-13	15
Skjoldar	7	403	36-35	12
Vindafj.1	7	304	23-56	9
Bokn	8	206	31-56	6
Skånevik	3	102	15- 8	3
Førland	6	105	16-35	3
Vindafj.2	7	007	9-63	0

### SERIEKAMP FOR LILLEGUTTENE

Onsdag 26. mai - Føresvik

BOKN - VINDAFJORD2 13 - 2

Laget til Bokn: Oddbjørn Almås, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Sigleiv Våga, Erlend Nygaard, Bjørn Thuestad(kap), Jostein Aksdal, Glenn Taraldlien.

Scoringer til Bokn: Glenn 5, Bjørn 5, Erlend 1, Bjørnar 1, Bjørn Erik 1.

Erlenfd og Sigleiv var Bokns beste spillere i denne kampen. Bjørn og Glenn var svært gode i 1. omgang. I 2. omgang var det Bjørn Erik og Jostein som var bra.

Kommentar: Her møtte vi nok avdelingens dårligste lag. Et så dårlig lag skal være sjanseløse mot oss. Det var de

også. Spesielt i 1. omgang var det stort sett ett lag på banen, (10 - 1). I 2. omgang falt derimot guttene for fristelsen, mens de glemte helt å spille sammen. Derfor vant de bare 3 - 1.

Blant de beste prestasjoner var langskuddet til Bjørn

Erik, på volley fra midtbanen og direkte i mål, helt topp. Ikke langt unna var frisparket til Bjørnar, også det helt opp til midtlinja, direkte i mål. Samt Josteins direkte volley-skudd som strøk over tverrligger, var også en god prestasjon. Mye bra å se av lilleluttene i denne kampen.

### Torsdag 3. juni - Føresvik

#### BOKN - SKÅNEVIK 1 - 11

Kommentar: For andre gang i år var lilleluttene sjanseløse mot et annet lag. Ikke siden de møtte Vard2 i Rema 1000 cup, har et lag dominert så klart ute på banen. Nå var jo ikke dette Skånevik-laget all verden heller. Det verste av alt var at guttene jobbet svært så godt, hele kampen gjennom. Nei, det ville liksom ikke gå veien i dag. I dag tapte vi for en bedre motstander.

Laget til Bokn: Oddbjørn Almås, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Sigleiv Våga, Erlend Nygaard, Bjørn Thuestad (kap), Glenn Taraldlien, Jostein Aksdal.

Erlend scoret Bokns mål.

Bokn hadde sine beste spillere i Bjørnar og Glenn, mens Bjørn Erik og Bjørn spilte bra.

### SERIEKAMPER FOR SMÅGUTTENE

#### Torsdag 3. juni Føresvik

##### BOKN - VIKING 3 - 1

Laget til Bokn: John Øvrebø, Richard Skaar, Tor Harald Alvestad, Arnstein Hosaas, Stephan Haram, Bernt Helge Olaussen (kap), Roger Jøsang.

Scoringene til Bokn: Roger 1, Richard 1, Bernt H. 1.

Bokn hadde sin beste spiller i keeper John Øvrebø, mens både Tor Harald, Stephan og Roger spilte bra.

Kommentar: Så kom "Haugesunds Avis" på besøk, og på motsatt side av banen sto Viking, for første gang i obligatorisk kamp mot et Bokn-lag. Alt lå til rette for en fotballfest, til og med været var på vår side, og det manglet heller ikke på publikum. Nå må det sies med en gang, noen stor kamp oppvartet småguttene ikke med. I stedet ble det en ordentlig slitekamp, men akkurat derfor vant småguttene, for de kunne jobbe.

## SERIEKAMPER FOR SMÅGUTTENE

Mandag 7. juni Føresvik

BOKN - SJERNARØY 9 - 2

Laget til Bokn: John Øvrebø,  
Richard Skaar, Tor Harald  
Alvestad, Arnstein Hosaas,  
Bernt Helge Olaussen, Johnny  
Borgenvik (kap), Roger Jøsang.

Scoringene til Bokn: Bernt  
Helge 5, Johnny 2, Roger 1,  
Richard 1.

Bokn hadde sin beste spiller i  
Bernt Helge (5mål), mens både  
Arnstein, Richard og Johnny  
spilte bra.

Kommentar: Endelig løsnet det  
for småguttene, og da spiller  
dette laget godt. Når så  
målene også kommer, er det  
ingen lag i denne avdelingen  
som skal kunne stå imot. Men  
akkurat det å øage mål har  
vært et problem så langt i  
sesongen.

Mandag 14. juni - Buøy

BUØY2 - BOKN 3 - 2

Laget til Bokn: John Øvrebø,  
Richard Skaar, Tor Harald  
Alvestad, Arnstein Hosaas,  
Stephan Haram, Bernt Helge  
Olaussen (kap.), Rogar Jøsang,  
Bjørnar Bryningsland.

Bokn hadde sin beste spiller i  
Richard, mens både Bernt Helge  
og Arnstein spilte bra.

Hyggelig var det å se at  
lillegutt-spilleren Bjørnar  
klarte seg så bra på dette  
alderstrinnet.

Kommentar: Huff! At vi kunne  
tape dette da. Hadde dette  
Buøylaget vært bedre enn oss  
hadde det vært helt OK. I  
stedet var det Bokn-laget som  
dominerte, spesielt i 2.  
omgang. Da burde de ha scoret  
både 3 og 4 ganger. Det  
hjelper likevel så lite, når  
det ikke lages mål. Da er det  
spesielt bittert å tape en  
kamp.

Odd Magne Olaussen

## BOKN NATUR OG UNGDOM STIFTA

Bokn Natur og Ungdom er nyleg  
stifta. Dei er til nå berre 9  
medlemmer, men håpar på  
fleire.

Tor Harald Alvestad er leiar,  
samан med Grete Øvrebø som  
sekretær og Ingri Are som  
kasserar.

Laget blei stifta i mai. Det  
skal arbeida for eit betre  
miljø. Den 18. juli skal dei  
ha "sykkeldag" i Bokn.


Tor Harald seier til

bygdabladet at dei håpar å få  
fleire medlemmer. Medlemmene  
kan vera frå 6.-7. klasse og  
opp til 25 år. Dei over 25 år  
kan vera støttemedlem. Det  
kostar kr. 50 å vera medlem og  
kr. 200 pr. år å vera  
støttemedlem. Medlemmer og  
støttemedlemmer får eit blad  
som heiter Natur og Samfunn.

Frå 2.-7. august er det  
sommarleir i Hallingdal. Har  
du lyst å vera med - ta  
kontakt med Tor Harald tlf.  
04 74 85 90 innan 15. juli.

# PERSONKORT

Gjør det enklere når du skal betale



- Betalingskortet med flest bruksmuligheter både hjemme og på reiser i Norge og i utlandet.
- Personkort er tilknyttet Visa – verdens mest omfattende kortsystem.
- Bankkort på baksiden gir fullverdig legitimasjon i kortet.
- God økonomisk oversikt.
- Gratis prøveperiode 3 mnd.



TIL SALGS:

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.  
utkjørt.  
Har og sand, singel og grus.

Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy,  
tlf. 04 51 32 87  
mobil 060 70873.



**BOKN  
BARNEHAGE**

1/2 års vikariat  
for assistent ledig  
dig fra aug. 1993.

Søknad blir å senda Bokn  
Skulestyrekontor, 4290  
Bokn, innan 16. juli 1993.  
Skulesjefen

**IKKJE SKJENKE LØYVE  
TIL ARSKROA**

KOMMUNESTYRET VIL AVGJERA SAKA

Bokn formannskap vedtok den 29. juni samråystes å ikkje tilrå løyve til skjenking av øl og vin ved Arskroa. Dette var i samsvar med uttale både frå politiet og helse- og sosialstyret.

Grunngjevinga går hovedsakeleg på at Arskroa er ein ventestad for reisande, og at alkohol og trafikk er ein dårlig kombinasjon.

**IKKJE AVKLARING  
OM CAMPINGPLASS**

Teknisk hovudutval behandla i møte den 24. juni klage frå nabo til campingplassen på Øyren på Austre Bokn om løyve til å drive denne sesongen. Teknisk sjef hadde foreslått at klagen skulle tas til fylgje, og gis avslag på drift inntil arealbruken er avklart i kommuneplansamanheng.

Men Teknisk hovudutval gjekk samråystes inn for at det skulle gis løyve, og at klagen ikkje skulle takast til fylgje. Saka vert dermed oversendt til Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

**STERK AUKE I TRAFIKKEN OVER ARSVÅGEN**

Ein statistikk frå Statens Vegvesen over ferjetrafikken, viser at trafikken over Boknafjorden frå mai i fjor til mai i år har auka frå 57 418 personbileiningar til 66 234. Etter Rennfast har trafikken over Skudeneshavn frå 11 687 pbe i mai i fjor til 7656 pbe i mai i år. veksten i trafikken over Arsvågen er såleis svært stor, nemleg 28,09% frå mai i fjor til mai i år.

Prognosane for Rennfast er 2400 bilar i døgnet. Dette er der trafikken ligg nå. Med det rentefallet som nå har vore, er det for tida ingen ting som tyder på at Rennfast ikkje skal kunna greia det økonomiske opplegget som er lagt til grunn for nedbetalinga av prosjektet.



TIL RENOVASJONSABONNENTANE I BOKN

Kommunestyret har vedtatt følgende vedtekter for renovasjon:

- "§1. Felles vedtekter for kommunane tilslutta Toraneset  
Renovasjonsselskap skal og gjelda Bokn kommune.
- §2. Renovasjonsordninga gjeld for heile Bokn kommune utan geografiske unnatak.
- §3. Kårhus tilslutta gardsbruk og andre tilsvarende bustadformer, kan reknast saman med hovedhuset når det bebos av 2 generasjonar og ein kan levera avfall saman.
- §4. Hybelhusvære blir rekna saman med vertsfamilien dersom det kan leverast avfall saman med desse og hybelen/hybelleilegheita ikkje har meir enn eitt soverom.
- §5. Bustadeigedomar kan få fritak frå

renovasjonsordninga i særskilte høve etter søknad.

- §6. Hytteeigarar skal betala avgift uavhengig av brukarfrekvensen. Grunneigarar som eig fleire hytter skal betala avgift for kvar enkelt hytte.
- §7. Tvilstilfelle blir avgjort administrativt av teknisk sjef.
- §8. Formannskapet er klagenemnd i renovasjonssaker."

Reglene har tilbakevirkende kraft f.o.m. 01.01.93. Selv om regningen for renovasjonsavgift 1. halvår allerede er sendt til abonnentene, kan de som mener seg berettiget til fritak eller avgiftsreduksjon, sende søknad til teknisk etat. Eventuelle endringer/tilbakebetaling vil bli tatt hensyn til når regningen skrives for 2. halvår.

**BOKN BYGDEBLAD**

**UTGJEVAR:**

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

**BYGDEBLADNEMND:**

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

**REDAKTØR:**

Reidar Alvestad

**ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

**ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonser: kr. 10,-.

**FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

## PLATTINGEN - DANS

Fredag 9. juli

Musikk: Mr. Ansikt

Arr: Bokn Diskotek

Værforbehold

## BOKN BYGDEMUSEUM

Opningstider i juni, juli  
august:

Kvar sundag frå kl. 15.00 -  
kl. 18.00.

## LEGEKONTORET I FERIEN:

Frå 5. - 31. juli er det lege  
berre på torsdagar.

Frå 2. august er det lege  
måndag og torsdag.

## TANNLEGEKONTORET

har feriestengt i veke 27, 28  
og 29.

## FOTPLEIE

Det vert ikkje fotpleie i  
juli. Neste dato for fotpleie  
er onsdag 11. august.

Påmelding i tlf. 04 74 85 00.



- 04.juli kl. 11.00: Høgmesse v/  
kateket Matre. Offer  
til Kr. Kringkast.lag.  
25.juli kl. 11.00: Høgmesse  
v/kateket Matre.  
Nattverd. Offer til  
Bispedømmets  
Fellestjeneste.  
15.aug. kl. 11.00: Høgmesse v/  
kateket Matre.  
Nattverd. Offer til  
Barnevernsakademiet  
Dronning Mauds minne.  
05.sept.kl. 11.00: Misjonsguds-  
teneste. Utsending frå  
NMS. Nattverd. Offer  
til NMS.  
26.sept.kl. 11.00: Familieguds-  
teneste. Presentasjon  
av konfirmantane.  
Offer til  
Soknerådskassen.

## BOKN FOLKEBIBLIOTEK

YNSKJER SMÅ OG STORE

GOD SOMMAR

FERIE FRÅ

19.07 - 16.08